



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune –
Samferdselsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Anne Marta Espelund /
55516432

Vår referanse:
17/23663-8

Dykkar referanse:

Vår dato:
06.10.2017

Framlegg til vedtak om omklassifisering av FT. 202 – Telavåg – Sund kommune.

Bakgrunn

Fylkesveg 202 forbi Telavåg i Sund kommune vart utbetra i 2009/2010. Vegstrekninga forbi idrettsanlegget har fått ny trasé, og den «gamle» vegen ligg i dag med status FT 202 (T= temporary/mellombels). Statens vegvesen har starta prosessen med å fastsetje status på vegen.



Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Saksopplysningar

FT 202 hp 1 km 3,132 – 3,620

FT 202 har ei lengde på 488 meter, og blir nytta som tilkomst til ein einestad og idrettsanlegg. Det er etablert eit kryss mellom ny og gamal fylkesveg både sør og nord for idrettsanlegget, sjå kart og bileter under.



Kart som viser vegnettet slik det ligg i dag, FT 202 er markert blå.



Kryss mellom ny og gamal fylkesveg 202 i sør.



Kryss mellom ny og gamal fylkesveg 202 i nord.

Grensedraging mellom fylkeskommunale og kommunale vegar

Gjeldande kriterier for grensedraging mellom fylkeskommunale og kommunale vegar går fram av Samferdselsdepartementet sitt brev til fylkeskommunane av 26. mars 1985:

"(..) c. Spreidtbygde – / grisgrendte områder

Ein fylkesveg skal ha et befolkningsunderlag på minst 50 personer. Fylkesvegen skal føres fram til kontakt med jernbanestasjon, flyplass, rutebilterminal, eller kai av regional betydning.

For storbyar og byar siktes det her til de områder som vert avgrensa til tettbygd område. Andre deler av vegnettet i disse områda vert vurdert som i spreidtbygde område."

Vurdering

Som følgje av at det er bygd ny veg, vurderer vi at funksjonen til den «gamle» vegstrekninga ikkje lengre tilseier at fylkeskommunen skal vere vegeigar, men at kommunen bør overta eigaransvaret.

Saksgang og vedtaksmynde

Saksgang ved omklassifisering følgjer av veglova §7:

§ 7. Etter at fylkeskommunen - i Oslo kommunen - har uttala seg, kan departementet gjere vedtak om at riksveg skal leggjast ned eller gjerast om til fylkesveg eller til kommunal veg.

Etter at kommunen har uttala seg, kan fylkeskommunen gjere vedtak om at fylkesveg skal leggjast ned eller gjerast om til kommunal veg.

Kommunen kan gjere vedtak om at kommunal veg skal leggjast ned.

Vedtak etter første og andre ledd kan likevel ikkje settast i verk utan at vegen oppfyller tekniske krav etter nærare retningsliner gitt av departementet.

Som det går fram av veglova, er det Hordaland fylkeskommune som fattar endeleg vedtak om omklassifisering av fylkesveg. Sund kommune er høyrte i saka, uttale dagsett 13.09.2017 er lagt ved. Sund kommune skriv mellom anna at «*Når det vert lagt til grunn for vedtak i Hordaland fylkesting at dei tiltaka som er tatt med i oppsummering av 23.03.2017 er utbetra før Sund kommune formelt sett overtar vegen, har Sund kommune ingen merknader til omklassifisering av FT 202(del av fv. 202).*»

Synfaring og naudsynte tiltak

Det vart gjennomført synfaring av FT. 202, Telavåg, 14.03.2017, der strekninga vart vurdert opp mot NA-rundskriv 97/13 «*Retningslinjer for tekniske krav til veg som skal omklassifiserast – ikrafttredelse av vegloven §7*». Oppsummering frå synfaringa er lagt ved. Oppsummeringa viser naudsynte tiltak for at vegen skal tilfredsstillast krava i NA-rundskrivet. Statens vegvesen har stipulert kostnadene for tiltaka til kr 200 000 eks. moms.

Framlegg til vedtak

Statens vegvesen vil med bakgrunn i ovannemnde kome med følgjande tilråding til vedtak:

- FT 202 hp 1 km 3,132 - 3,620, lengde 488 meter, vert omklassifisert til kommunal veg.

Før endeleg vedtak om omklassifisering trer i kraft og vegen overlevert til Sund kommune, skal vegen setjast i den stand som følger av veglova § 7 fjerde ledd og i samsvar med oppsummering etter synfaring 14.03.2017 frå Statens vegvesen.

Vi sender saka over til dykk, som rette vedtaksmynde, og bed om at de handsamer ho. Vi bed òg om å få tilsendt vedtak i saka.

Vegavdeling Hordaland
Med helsing

Grethe Vikane
avdelingsdirektør

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Sund kommune, Postboks 23, 5371 SKOGSVÅG



SUND KOMMUNE

Drift

Statens vegvesen Region Vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Sakshands.: KEN **Vår ref.:** 17/1530-2 **Dykkar ref.:** **Dato:** 13.09.2017
Direktetlf.: 56327580 **Arkiv:** 566

Svar på høyring ang omklassifisering av veg

Dykkar ref: 17/23663-5

Vi viser til dykkar brev av 09.08.2017, gjeld høyring på omklassifisering av FT 202 i Telavåg. Felles synfaring mellom Statens vegvesen og Sund kommune den 14.03.2017. Sund kommune har ingen merknader til oppsummering datert 23.03.2017 og dei utbetringstiltaka som der er lista opp.

Pr dato er det berre punkt 1 i oppsummeringa som er gjennomført.

Når det vert lagt til grunn for vedtak i Hordaland fylkesting at dei tiltaka som er tatt med i oppsummering av 23.03.2017 er utbetra før Sund kommune formelt sett overtar vegen, har Sund kommune ingen merknader til omklassifisering av FT 202(del av fv. 202).

Med helsing

Knut Eivind Nygård
leiar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.

Kopi til:

Einar Hjørnevik
Halfdan Kåre
Hammersland



Statens vegvesen

Referat

Dato: 14.03.2017
Tid: 10.00
Referent: Anne Marta Espelund

Sakshandsamar/telefon:
Anne Marta Espelund / 55516432
Vår dato: 23.03.2017
Vår referanse: 17/23663

Oppsummering etter synfaring av FT 202, Telavåg i Sund kommune.



Til stades: Frå Sund kommune: Knut E. Nygård. Frå Statens vegvesen: Gunnar Kråkenes (Vegseksjon Bergensområdet), Anne Marta Espelund (Plan- og forvaltningsseksjon Bergen)

	Kostnad
<p>Synfaringa vart gjennomført til fots og omfatta strekninga frå kryss med fv. 202 i nord (hp 1 km 3,620) til kryss med fv. 202 i sør (hp 1 km hp 3,132) mot kilometrering, totalt 488 meter. Vurderingane er gjort ut frå NA-rundskriv 97/13 «Retningslinjer for tekniske krav til veg som omklassifiseres – ikraftttredelse av vegloven § 7». (<i>skråstilt grå tekst</i> under er sitat frå rundskrivet)</p> <p>På synfaringa var det semje om at kryss mellom ft. 202 og fv. 202 i nord skal stengjast av med ein voll, slik at vegen vert stengd for gjennomkøyring.</p> <p>FT 202:</p> <p><u>Tunneler</u></p> <ul style="list-style-type: none">- Skadde plate- og betonghvelv og portaler skal være utbedret.- Løst fjell i tak og vegger skal være sikret.- Elektriske installasjoner skal virke.- Lamper skal skiftes ut dersom lysstyrken er under 70 % av nyverdi.- Tunnelen skal være rengjort. <p>Funn/vurdering: Ikkje aktuelt på vegstrekninga</p> <p><u>Drenering</u></p> <ul style="list-style-type: none">- Grøfter skal være rensket dersom 1 /3 av opprinnelig dybde er oppslammet.	

Kostnad

- Stikkrenner skal renskes dersom oppslamming overstiger 1/3 av høyden i renna
- Kummer skal være tømt dersom oppslamming har nådd 10 cm fra avløp, det skal være fritt avløp inn/ut
- Defekte stikkrenner, rør og kummer utbedres

Funn/vurdering:

P	Hp	Km	Skade, mangel	Tiltak	Bilde
5	1	3,225 - 3,260	Vatn i vegbana	Fjerne torvkant	
7	1	3,195 - 3,215	Mykje vatn i grøft	Reinske grøft	



Vegdekker

- Dersom mer enn 10% av en ensartet strekning på veggen ventes å få spor dypere enn 25 mm i løpet av 1 år skal strekningen utbedres.
- Dersom mer enn 10% av en ensartet strekning på veggen ventes å ha jevnhet dårligere enn 6 mm/m i løpet av 1 år skal strekningen utbedres.
- Sprekker som er bredere enn 10 mm skal forsegles.
- Krakelerte partier skal vurderes særskilt og utbedres.
- Grusveger skal opp gruses ved behov.

Kostnad

- Vegskuldre skal være oppfylt i plan med vegbanen.

Funn/vurdering:

P	Hp	Km	Skade, mangel	Tiltak	Bilde
1	1	3,598 - 3,606	Manglar asfaltdekke	Graving skal reparerast	
6	1	3,200 - 3,210	Dårleg asfalt	Ny asfalt	

					
--	--	--	--	--	--

Murer

– Skader som reduserer murens funksjon skal utbedres.

Funn/vurdering: Ikkje aktuelt på vegstrekninga.

Støyskjermer

– Vertikale skjevheter over 1 :25 og horisontale skjevheter over 1 :40 skal være utbedret.

– Løse bord/mangler skal utbedres.

– Dersom skjermen trenger overflatebehandling skal dette gjeres.

Funn/vurdering: Ikkje aktuelt på vegstrekninga.

Fjellskjæringer

– Synlige løse blokker og steiner skal fjernes eller boltes i samråd med geologisk ekspertise.

Funn/vurdering: Ikkje registrert behov for utbetring på vegstrekninga.

Grøntarealer og skråninger (innenfor vegens eiendomsgrenser)

– Erosjonsskader og andre skader skal utbedres.

– Gress og kratt skal være lavere enn 50 cm i siktsoner.

– Kratt skal ikke være høyere enn 75 cm i etablerte soner for vilttrekk.

Funn/vurdering: Ikkje registrert behov for utbetring på vegstrekninga.

Kantstein

– Minimumshøyden skal være minst 5 cm.

Funn/vurdering: Ikkje registrert behov for utbetring på vegstrekninga.

Rekkverk

– Brukne stolper skal skiftes.

– Utbøyning eller setninger større enn 20 cm fra opprinnelig horisontallinje skal utbedres.

Funn/vurdering: Ikkje registrert behov for utbetring på vegstrekninga.

Gjerder, inkl. viltgjerder og trafikkgjerder

– Synlige skjevheter og skader skal utbedres.

Funn/vurdering: Ikkje aktuelt på vegstrekninga.

Belysningsanlegg

– Lamper skiftes dersom lysstyrken er mindre enn 75 % av nyverdi.

Funn/vurdering: Ikkje omtalt på synfaring. Statens vegvesen har avtale med BKK om drift. Denne vil avsluttast ved omklassifisering av vegen.

Oppmerking

– Vegene skal være oppmerket slik at mindre enn 20 meter av langsgående linjer er slitt bort.

– Minst 50 % av annen oppmerking skal synes.

Funn/vurdering: : Ikkje aktuelt på vegstrekninga. Kommunale vegar i Sund har normalt sett ikkje kantstriper.

Kantstolper

– Brukne stolper skal erstattes, skjevheter rettes opp.

Funn/vurdering: Ikkje registrert behov for utbetringar langs vegstrekninga.

Skilt




– Skal minst være synlig på 100 meters avstand i soner med fart større enn 60 km/t.

– Skal minst være synlig på 50 meters avstand i soner med fart mindre/lik 60 km/t.

– Synlige skjevheter utbedres.

Kostnad

Funn/vurdering:


P	Hp	Km	Skade, mangel	Tiltak	Bilde
2	1	3,619	Unødvendig skilting	Fjerne skilt	<p>12 FT202 HP1 3604</p>  <p>Hordaland 6721869-52288 14-03-2017 10:01:44</p>
3	1	3,592	Feil skilting	Fjerne skilt	<p>12 FT202 HP1 3587</p>  <p>Hordaland 6721854-52278 14-03-2017 10:04:49</p>
4	1	3,341	Unødvendig skilting	Fjerne skilt	<p>12 FT202 HP1 3361</p>  <p>Hordaland 6721690-52163 14-03-2017 10:10:28</p>

Kostnad

Bruer og kaier

– For bruer og kaier må det utføres inspeksjoner dersom dette ikke er gjort de siste 5 år. Utbedringer foretas i henhold til de skader som oppdages ved inspeksjonen.

Funn/vurdering: Ikkje aktuelt på vegstrekninga.



Synfaring i samband med eventuell omklassifisering
 FT 202 hp 1 km 3,132 - 3,620 - Telavåg - Sund kommune
 Registrerte punkt på synfaring 14.03.2017
 14.03.2017
 Målestokk 1:1500
 Statens vegvesen



Synfaring i samband med eventuell omklassifisering
FT 202 hp 1 km 3,132 - 3,620 - Telavåg - Sund kommune
Registrerte punkt på synfaring 14.03.2017
14.03.2017
Målestokk 1:1500
Statens vegvesen